

ÅRSMELDING - 2024



MØRE & ROMSDAL GJETARHUNDLAG

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag er samansett av representantar frå dei 5 lokale gjetarhundlaga i fylket, og samansetninga i 2024 har vore:

Knut Sverre Dahl - leiar / vara; ingen vara då varaen rykka opp til leiar – Vestre Sunnmøre Gj.h.lag (VSGL)

Madeleine Ukkelberg/vara: Carola Ukkelberg – Nordmøre og Romsdal Gj.h.lag (NRGL)

Terje Hurlen /vara; Merethe Hellevik– Midtre Møre Gj.h.lag (MMGL)

Nils Edmund Stråmyr / vara; ingen vara då varaen rykka opp til fast medlem i styret – Indre Sunnmøre Gj.h.lag (ISGL)

Irene Røe Vaagan / vara; Gerd Eva Slettvåg – MidtNorge Gj.h.lag (MNGL)

Det vart endringar i styret i august, då både leiar Knut Jørgen Oseberg og Andor Bjørke trekte seg frå sine verv. Knut Sverre Dahl rykte opp til medlem og leiar i styret. Nils Edmund Stråmyr rykte opp som medlem i styret. Irene Røe Vaagan fekk jobben som sekretær og webansvarleg.

Styret har hatt 12 styremøter gjennom året, og totalt 33 saker har vore behandla i løpet av året.

Styret har i 2024 jobba ein del med innspel til høyringa om nsg si nye organisering av gjetarhund.

Året 2024 Nye godkjende ekvipasjar/bruksprov

Møre og Romsdal har fått 16 nye godkjende ekvipasjar i fylket 2024.

Gjetarhundprøver/Gjetarhundkurs

Det var stor aktivitet i fylket i fjor, når ein summerer vart det arrangert:

6 distriktsprøver i klasse 1 med 41 deltakarar.

5 distriktsprøver i klasse 2 med 38 deltakarar.

3 distriktsprøver i klasse 3 med 55 deltakarar, inkludert Fylkesmesterskap i bruk av Gjetarhund der 18 ekvipasjer starta.

1 Landsprøvehelg i kl 3 med 102 deltakarar.

Det har blitt halde 5 gjetarhundkurs med tilsaman 54 deltakarar og vidare 119 felles-treningar fordelt over dei fem lokallaga.

Fordelt over dei fem lokallaga har fylket 99 medlemmer og 12 støtte-medlemmer.

NM 2024

På årets NM i Varhaug, Rogaland deltok i alt 3 ekvipasjar frå Møre og Romsdal:

Merethe Hellevik med Becca og Jan Myklebust med Frøya og Gyda

MRGL nyttar høvet til å gratulere begge med innsatsen i NM 2024.

Plasseringane i NM

Jan Myklebust og Frøya endte på 35.plass.

Jan Myklebust og Gyda endte på 50.plass.

Merethe Hellevik og Becca endte på 81.plass.

Det vart ei lita forandring på NM- kvota, så til NM i Gjetarhund 2025 har Møre og Romsdal 2 NMplassar.

Fylkesmeisterskapet

Fylkesmeisterskapet var i år arrangert på Lepsøya søndag 22.september.

FM vart arrangert av MRGL der representantar frå alle lokallaga kom og hjalp til.

Dommar for helga var Thomas Rømme frå Trøndelag.

Dei 6 beste frå den innleiande runden gjekk til finale med dobbelthent og sortering. Etter endt finaleomgang stod Merethe Hellevik og Archie øvst på resultatlista og fekk dermed overrekt fylkesmeisterpokalen.

Beste unghund i FM 2024 vart Gyda med førar Jan Myklebust.

Unghundcup´n 2024

Unghundcup´n i 2024 vart avgjort gjennom eit sett av distriktsprøver i klasse 2, og vinner av årets

Unghundcup 2023 vart Eldar Dale og Odin.

Nettsidene

Nettsidene til MRGL (www.mrgl.no) har blitt oppdatert av Andor Bjørke. Etter at han trekte seg i august har andre del av 2024 vore oppdatert av webansvarleg Irene Røe Vaagan. Det er viktig for medlemmane at vi har ei velfungerande nettside slik at ein får ut informasjon og vidare sår spirar til nye tiltak rundt om i fylket og styret vil nytte høvet til å oppfordre alle om å sende inn materiale til webansvarlig gjennom mail: redaksjonen@mrgl.no